

Lindås Kommune,
Plan og Miljøutvalet,
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Stølen 20 A,
6.jan 2014

Sak: Merknader til reguleringsplan for Kubbaleitet gbnr: 137/38, 66,69,77 m.fl

Ut frå tilsendt illustrasjonsplan og detaljregulering for Kubbaleitet reguleringsplan er det markert bustader på g.nr 137, b.nr 131 (BK2) i grense mot g.nr 137 og b.nr 202. Slik bustader er markert i illustrasjonsplanen vil vi krevje at desse blir trekt så langt mogleg mot søraust med **fasaden i Nord/Sør retning**. Dette blir krevd for å **unngå direkte innsyn i 3 soverom** på eige bustad. Nord/Sør retning er same retning som bustad på g.nr 137 b.nr 202 (og gnr. 137 bnr. 161) ligg i. Vidare vil vi krevje at det maksimalt blir gjeve byggjetillatelse til 2 bustader dvs. ca. 0,8 da pr. bustad. Ei slik endring vil vera i samsvar med – Estetikk og nabotilhøve- som er gjort greie for i tilsendte sakspapir. Vidare er ein reduksjon frå 6 bustader til 2 bustader rimeleg tatt i betraktning at det elles i nærområdet dei siste åra er oppført 6 bygg med totalt 27 bustader.

I framkant av eigen eigedom mot g.nr 137 /b.nr 293 og 216, er det markert inn 8 bustader (1-8). For å sikre nok leike- og ute-areal samt at ein får ein best mogleg tilpassing til eige hus og hus i nærleiken (eksisterande hus), vil vi krevje at antall bustader blir redusert frå 8 til maks 4 bustader (helst 3 bustader). Dette vil føre til ein betre overgang mellom nye og eksisterande bustadfelt, samt at areal pr. bustad går opp frå 0,38 til 0,77 da. Terrenget i dette området er også slik at store delar av arealet ikkje er tilgjengeleg då det er svært bratt i framkant. Eit anna moment er at desse bustadane vil liggje som ein spiss inne i eksisterande bustadfelt og då er det viktig å ta omsyn til dei som bur der frå før. Ei slik endring vil også vera i samsvar med –Estetikk og nabotilhøve slik dette er skissert av kommunen i tilsendt skriv.

Vi ønskjer at representantar frå kommunen tek ei synfaring i området for å sjå på tilhøva slik dei er i dag med nye bygg, ny reguleringsplan, terreng og andre bustader i området. Dersom ønskjeleg så kan eg og evt. andre stilla opp på ei slik synfaring.

Mvh
Gunnar og Anne Kirsti Vatnøy
G.Nr 137 B.Nr 202